

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.06.2014

Arbeidsutvalet sitt møte med kulturavdelinga: På arbeidsutvalsmøtet, den 28.05.14, stilte kulturavdelinga på møtet for å diskutere korleis ein kan jobbe vidare med tematikken rundt «Grenselaus kultur?» saman med kulturinstitusjonane i Hordaland. Rådet stillar seg veldig positiv til rundebordsdiskusjon med kulturinstitusjonane i Hordaland.

Verktøykasse for brukarrepresentantar i kommunale råd for funksjonshemma frå SAFO: Denne vart tilsendt rådet frå SAFO saman med eit utdrag frå Kommunal rapport torsdag 22. mai 2014: «Ble spurt om råd da toget var gått». Heftet vart delt ut til rådsmedlemene.

Regional kulturplan: Den nye regionale kulturplanen vert sendt ut i juni og har frist for uttale i september.

Ramar for budsjett 2015: Det vart vedteke i arbeidsutvalet at ein skulle få ein orientering frå økonomiavdelinga i samband med ramar for budsjett 2015, som er ein sak som vert lagt fram for fylkesutvalet i juni. Denne saka er ein rein orienteringssak for fylkesutvalet og gjeld dei ramane som fylkeskommunen må halde seg til når dei legg budsjett for 2015, det vil seie eksterne ramar. På bakgrunn av dette føreslår administrasjonen å kome med ein slik orientering til hausten, i samband med budsjettarbeidet. Det vart derfor ingen slik orientering i rådsmøtet i juni.

Orientering om fråfall i vidaregåande skule: Rådet har bedt om ein orientering frå opplæringsavdelinga i samband med denne saka dei to siste møta. Opplæringsavdelinga vil kome med ein orientering på rådsmøtet 29.08.14.

Griegghallen – orientering om rehabilitering: Rådet har bedt om ein orientering frå Griegghallen i samband med denne saka dei to siste møta. Arkitektkontoret sendte eit dokument med ein oversikt over arbeidet som har vore og skal verte gjort i forkant av møtet.

SOR-konferanse til hausten: Rådet har tidlegare delteke på konferansar i regi av SOR.

Kartlegging av fergjekaiar i Hordaland: Rådet etterlyser status på dette området.

Utsendingar av informasjon frå rådet: I hovudsak vert informasjon som vert sendt ut til rådet berre sendt til rådets faste medlemar, noko som kan vere utfordrande for varamedlemar som vert kalla inn til rådsmøter.

Vedtak

Arbeidsutvalet sitt møte med kulturavdelinga: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at medlemene frå brukarorganisasjonane skal utfordre FFO og SAFO til å kome med ein oversikt over deira ønskjer og trong i samband med deltaking og det å vere tilskodar til kulturopplevingar. Rådet vedtek og å utfordre alle medlemene og brukarorganisasjonane til å kome med innspel til fagpersonar med kompetanse på kultur og menneske med nedsett funksjonsnedsetting. Rådet ønskjer ein statusoppdatering på framtidige møter.

Regional kulturplan: Rådet ber om å få ein orientering frå kulturavdelinga på neste møte, samt at planen vert sendt ut til rådsmedlemene i papir.

Griegghallen – orientering om rehabilitering: Rådet ber om å få ein orientering frå Griegghallen i samband med rehabiliteringa som skjer på neste rådsmøte.

SOR-konferanse til hausten: Rådet opnar for at dei faste medlemene som ønskjer kan delta på denne konferansen, med frist om å melde interesse til 17. juni. Administrasjonen sender ut ein e-post til rådsmedlemene om tilbodet.

Kartlegging av fergjekaiar i Hordaland: Rådet ber om at det vert sendt eit brev til eigedomsseksjonen der ein ber om status på kartlegging av fergjekaiar i Hordaland.

Utsendingar av informasjon frå rådet: Rådet vedtek at all orientering og informasjon som vert sendt ut til heile rådet skal sendast ut til både medlemar og varamedlemar.